

Segner um den gamle von Krogh ætti i Ryfylke.

Av

Joh. Kreutz Magnus.

MED vissa hev ingen norsk ættargranskar endå funni ut, kvar i Tyskland von Krogh-ætti er ætta frå. Namnet von Krogh godtgjer at ho er tysk, men det finnest namnet von Krogh i Noreg 1653.

Frå Danmark kom til Nidaros ein kapt. Bernhartus von Krogh i 1662. Frå denne kapt. von Krogh er det den no livande von Krogh-ætti i Noreg er ætta frå. Han hadde ein son oberst Georg Friderich fødd 1653, dåen 2 Okt. 1721. Han budde på garden Flahammer i Sogn, kvar fyrste kona Bergitte Munthe var frå. Han var tri gonger gift og hadde 16 born, 11 med fyrste kona 4 med andre og 1 med tridje. Men det er berre den eine son hans, oberst Christoffer von Krogh og nokre av ættlingarne hans, som busette seg her i Ryfylke, eg vil fortelja litt um.

Gamle Kroken fødd 1 Novbr. 1685, (soleis nemndest han ålment av folket her ikring, aldri Christoffer von Krogh), var gift med Marie de Fine, dotter av presten Søfren de Fine i Fana ved Bjørgvin. Ho var fødd 1. Novbr. 1697, dåi i Mai 1749. Dei hadde 9 born. Kroken var major ved 2det vesterlhenske inf. reg. og seinare oberst ved same regiment.

Han kjøpte fiskeplassen Ørke i Skjold herad i Ryfylke umlag 1720 åri. "Ørkefiskeri" låg "under den danske krone" og ein skyldningen av Kroken, oberst Gerhard Munthe hadde fiskestaden i varveitla å selja. Soleis hekk det saman at han kom til å busetja seg her i Ryfylke. Han hørde seg no um etter ein ven bustad og so fekk han tvo på hand noko snart. Den eine var

Elfarvik, som ligg i Ørkefjorden og den andre var ein part av Hogganvik. Elfarvik ligg no mykje vent til med utsyn oppgjenom heile Vatsfjorden og so mykje stuttare ferdaveg frå og til Ørke enn Hogganvik, men korso so valde han Hogganvik, avdi han totte den garden låg enndå venare til. Eigaren av den eine luten av Hogganvik var då ein Sjernarøybu, Taaren Valtinsen Oubø, som hadde gift seg Hogganvik til med Ingeborg Jensdotter. Den andre luten av Hogganvik, som då var i ein Jakob Lund si eiga, kjøpte han umlag år 1723. Kroken åtte ein stor gard, Melkeråen, i Midhordland. Denne garden "makeskiftet" han med halve Hogganvik og Birkeland, som og var i Lund si eiga. No residera Kroken yver heila Hogganvik, Birkeland og Ørke med.

Gjetordet gjeng at Kroken var ein mann, som fekk pengarne til å ala, han lagde aldri ut pengar enn høgst turvande var. Segni segjer, han fekk aldri råd til å lata seg måla, som på den tid var mykje i bruk. Det finns målarbilæte av monge i hans ætt, men ikkje av han. Soleis so finns målarstykkje av far hans, Georg Friderich i Sogn og av son hans, general Søren de Fine von Krogh i Hogganvik og av ein skyldningen åt kona hans, amt-mann Bendiks de Fine i Stavanger, som no er i kjøpm. Bernhard Krogh si eiga i Stavanger.

I den tid då Fredrik den fjerde med studnad av biskop Deichmann i Oslo let burtauktionera kyrkjorne i Noreg til høgstbjodande, kjøpte Kroken fleire kyrkior her i fylke og tente store pengar på dei. Millom dei var den namngjetne kyrkja i Røldal med alle sine kostesame skattar av gull og sylv, som det segjes han reidsla tvo hestaklyvjar frå med desse kostesame eignaluterne.

Skattafuten Hunt i Ryfylke, vert det fortalt, kom i vande med kassa og Kroken måtte ut med 1500 riksdalar, som var store pengar i den tid. Dette tok so hardt på han, at han fekk helsott av det og døydde 18. januar 1752, fortel segni.

I Hogganvik er tvo stader, som ber namnet "major" etter Kroken. Den eine staden er eit juv, er kalla Majorspronge, avdi han kom ridande vegen, som låg like ved stupet og hesten stokk av ein fugl, som flaug framum nosi hans so han slengde seg etter sida og drust i juve bar det. Majoren vart hangande uskadd i tregreinorne nedi berget, men hesten vart so ille medfaren, at han

laut tynast. Den andre staden er ein haug, kalla Majorshaugen, kvar Majoren sat, skoda etter arbeidsfolki sine, då dei arbeida på jorde. Frå den haugen er fritt utsyn yver heile Hogganvik.

General Søren de Fine von Krogh var son åt Kroken og fødd i Hogganvik 1725. Han var tvo vendor gift, fyrst med Anna Marie Stockfleth, ei officersdotter og sidan med ei prestedotter Cathrine Nicolava Frørup. Hennar far Hans Frørup var fyrst prest i Høyland og sidan i Granvin i Hardanger, kvar denne dotteri vart fødd.

På Hogganvik budde general Søren de Fine von Krogh til sin døyande dag, som var 11. Februar 1795.

I utmarki i Hogganvik finns det ein veg, kvar det vart køyrt timber i forne dagar, som no ikkje er synberr, men i min barn-dom var han synberr heile leidi. Vegen hadde namnet "Kongsgårdveien". Då eg vart so stor at eg kunde skilja og skyna, vart eg i undring korleis det namnet var kome hit og på min spurnad um det, visste gamle folk til svara at det var timberet til den noverande byggnaden på "Kongsgård" i Stavanger, som var køyrt den vegen.

Ein skyldningen av von Krogh-ætti på Hogganvik budde då på "Kongsgård", amtmann Henrich Wilhelm Tillisch f. 22—7—1720, d. 4—12—1761, gift 16—8—1752 med Helene Margrethe von Krogh f. 15—10—1735, d. 17—4—1767. Ho var dotter av general Georg Friedrich von Krogh d. y. til Flahammer i Sogn og soleis brordotter åt Kroken og systkinbarn åt general Søren de Fine von Krogh i Hogganvik.

Dette um Kongsgårdvegen er sjølv sagt ei segn, men mykje truleg grunna skyldskapen. Det kan godt henda at det finns rekneskaper i Stavanger, som kan godtgjera at det er so.

Eldste son åt General Søren von Krogh var kapt. Fredrich Stockfleth von Krogh f. 8—10—1762, d. 3—12—1836, gift 21—1—1791 med Anna Maria Barth f. 11—3—1771, d. 9—12—1858, dotter av sorenskrivar Georg Daniel Barth på Knudsvik i Hjelme-land og kona Marie Catrine Weybye. Kapt. Fredrich von Krogh var den siste med slægtsnamnet von Krogh, som budde på Hogganvik. Han var namngjeten som fiskar og veidar. I fiskestaden Ørke i Skjold, som han åtte, låg han heile sumrane og den siste

sumaren han livde rodde han ut dei tunge nøterne heilt åleine; då var han 74 år gamal. Han fekk dauden av å eta gifteg hummar.

Kapt. von Krogh hadde ingen søner, men sju døtrer. Den ældsta Anna Marie Cathrine f. 30—10—1796, d. 17—10—1886, gift 28—12—1809 med Johannes Magnus f. 9—11—1795, d. 4—6—1881. Desse vart då buande på garden etter far hennar.

Kapt. von Krogh hadde ein yngre bror oberstløytnant Søren de Fine von Krogh f. 21—11—1773, d. 2—12—1836, som vart teken til fange av svenskarne i 1811. Han var busitjande i Bjørgvin, men kona hans Dorothea Catharina Svane var hjå verfolki sine millombils på Hogganvik, medan han var i krigen. Segni fortel at han lagde på sum yver Glomen med kården i munnen. Da han kom yver vart han teken av svenskarne. Medan kona hans var på Hogganvik fødde ho ei dotter, som fekk namnet Maria Catharina Tamm. Då obersten sat som fange i Svearike, var det hjå ein friherre Tamm han sat. Hjå denne huslyden vart han so vel medvølt, at han vilde heidra dei på den måten å kalla dotter si upp etter kona åt friherren. Ho hadde namnet Maria Catharina Tamm.

“Selskapsliv” og gjestebod var mykje nytta millom den gamle von Krogh ætti og dei andre ætter av det høgare standet, som budde her ikring. Men det skorta so mykje på lagelege reidskarar i dei dagar til å koma fram med. Desse stakkars sjusskararne måtte ofta lida mykje vondt med venting og nottevaking både på sjø og land. I Hogganvik var ein gamal kvindhering, heitte Ommund Holmen. Han var husmann under general Søren von Krogh. Han visste av å reka som sjusskar. Det vert fortalt um han, då han ein gong var i sjuss med generalen frå Vestbø i Sandeid og heim til Hogganvik, at han spelte depne eit godt fantestykke. Det renn ein bekk, kalla Osmundsbekken, utfor eit bergstup like i sjøen, då det er flo sjø, umlag midtveges millom Sandeid og Vikedal. Det var stilt og fint ver, generalen låg i bakskoten og sov og Ommund rodde. Då dei nærma seg nemnde bekk, laga Ommund det slik at båten seig stilt burt imot bekken med bakskoten, medan han lest som han nippa og sov. Med ein gong spratt generalen upp skremd av fossen, han fekk yver

seg og Ommund likso avskremd: “Ja no ser I, med kan klara oss av her med denne vakingi med same. Det skal hestar til halda ut slikt”. Kva generalen svara veit eg ikkje, men eg veit dei var gode vener seinare.

Ommund sku ein gong mura ein steingard til bøgjerde hjå generalen, som sjølv var med sku hjelpa med tunge steinar. Under dette arbeide fann dei då på at de sku prøva styrkje, sjå kven som sterkaste var. Ei noko tjukk jarnstong, dei bruka som spett, treiv Ommund og sette for kne og stongi bøygde seg. Generalen sku prøva det same, sette stongi mot kne og beinka henne att. Denne jarnstongi slong endå i min barndom i Hogganvik.

Ommund sku ein gong ved høgsumarleite i sjuss til Foløy ved Jelsa med ei dotter åt generalen. Ho sku vitja ein skyldningen sin oberst Søren Christian Tasting. Han var systkinbarne åt generalen i Hogganvik og halvbror åt oberstinna Abel Catharina i Vestbø. Steikjande varmt var det og ein strid mottraum, so vidt båten meda fram um nesoddarne. Det kom vel med at Ommund var knabben, men sveitten rann godt korso. Klebunaden var tunn, ei einaste brok og ei skjorta som nådde so vidt ned i broki, men endå laut han løysa på broki. Då totte frøken von Krogh det gjekk vel langt yver streket: “Nei fy, Ommund, hvordan er det du sidder!” “Ja soleis må no eg sitja eg og toler I det kje, får I springa ut”. Det var no ikkje alltid so greidt hell å vera Ommund, so han trong bita frå seg. Men det var kje berre på sjøen desse sjussararne måtte slita. Dei var og godt kjende yver eide på Sandeid. Her måtte dei jamt bera tunga byrdar, då von Krogharne sku vitja fjeldbergpresten Augustin Meldal Brun, som ikkje var so sjeldan. “Forstår, forstår”, sa skaffaren i Ølen, “to mann i sjuss til Fjeldberg”. Dette vart til ei herma, for når han såg von Kroghar, so viste han kvar dei vilde av.

Ein yngre bror av general Søren von Krogh i Hogganvik, oberstløytnant Bernhard Wilhelm Gustav von Krogh f. 1731, d. 26—2—1807, budde på garden Vestbø i Sandeid. Han var gift med systkinbarne sitt Abel Catharina Segelcke i Strandvik i Sunnhordland, f. 27—6—1747, d. 2—1808. Dei hadde tri born Christoffer Maria de Fine og Cecilia Sophie Muller. Sonen var i ungdommen ein stor skøyte og i det heile ein ufreda kar. Til

landmannslivet åtte han ikkje hug. Då han for or heimen gjekk han inn på ein skule i Oslo og so vilde han freista sjølivet, som han og vart leid av. Etter den røynsla han hadde hausta på sjøen prøvde han med fleire verksemder både her og kvar, men til slutt vart han tollmann i Oslo og døydde der 1844. Han var gift med Elen Juel Lembach, men etter 27 års samliv vart dei skilde, som var eit sers hende i dei dagar, det vekte gaum og freittest vida i kring. Den ældsta dotteri Maria de Fine vart gift med Augustin M. Brun, sokneprest til Fjeldberg. Den andre dotteri Cecelie Sophie Muller vart gift med systkinbarnet sitt løytnant Bernhard von Krogh frå Hogganvik; dei er bessteforældri til den namngjetne professor Rasmus B. Anderson i Amerika.

Då Christoffer ikkje vilde yvertaka garden kom han i framand manns eiga, men oberstløyttok seg då undav eit stykke av utmarki, som han kalla "Nyvold", kvar han busette seg på sine gamledagar. Det var der, kvar Bjørn Skjeie no bur.

Etter oberstløytt. og kona var daude — han i 1807 og ho i 1808 — fekk yngste dotteri og verson løytt. Bernhard von Krogh Nyvold. Hertil høyrde òg ein god fiskeplass, kvar det var gjort mongt eit rik laksavarp.

Både obersten og verson hans var staute og spræke karar. Segni fortel om obersten, det var ein gong i hans unge dagar i Kjøbenhavn, han vart ute for ei vanheppa, som lett kunde kosta han livet. Han var då løytnant. Det var ved eit "hofbal" dei leika og dansa, at løytnanten dansa med ei prinsessa og i denne kjeta kom han til å kyssa henne. Dette var vel mykje. Um det var viljes eller uviljes frå prinsessa si sida veit eg ikkje, men han vart dømt til å "fekta" med kongens "fektemeistar" på liv og daude. Fyrst byrja dei med ei liti øving seg imillom, men då den raude kluten kom til syne og ålvorsstundi var komi flaug løytnanten yver hovudet på "fektemeistaren" og køyrte kården ned millom herdebladi på han, so han stupa. Der med vant obersten i Vestbø seg eit gjetord, som leika um han all hans dag.

Verson ått obersten, løytnant Bernhard von Krogh var namngjeten for å vera ein meir enn ålment spræk kar og det fanns ikkje hans make her i kring til å vera hallingdansar. Det er vorte fortalt at han spennte lika under bjelkarne i tingstova i Ølen i

hallingkasti sine og ingen kunde gjera det han etter. Han døydde hausten 1836 60 år gamal. Då var det tri brør, som låg lik i ei vika — Kapt. Fredrik Stockfleth von Krogh i Hogganvik, oberst Søren de Fine von Krogh i Bjørgvin og løytnanten i Vestbø.

I Hogganvik budde i 1780 åri ein kapt. Sebastian von Saldern, som hadde vore gift med ældsta dotter ått Kroken. På eit loftkammers i den store bygnaden i Hogganvik heldt han seg åleine, ei jenta gjekk og vølte um han med mat og anna. Han lika svert godt sterke drykkjer, vert det fortalt, so han var sjeldan øyde for sovore slag. Ut på eit mørkt loft, kvar det ikkje var glas, hadde han kaggen liggjande. Ein gong han var yver stak drukken låg han attved kaggen ropa og skreik: "Eivat, eivat, jeg finner ikke hullet". Det var heller ikkje spøk, spunse var burte og den dyre vara rann ned. Han var heller ikkje nådig å koma i nærleiken av, då han var i ei slik stoda, for han var namngjeten for å vere sint. Ein gong drukken hadde han krope seg fast under sengi, han sku leita fram morgonskorne sine. Då ropa han på hjelp og jenta måtte til å hala han laus etter føterne, men med same han vart laus måtte jenta hava seg undan i ein brønnefart.

Ein morgon jenta kom upp til han med maten finn ho han daud i sengi. Då kom jenta springande vitskræmd og ropa: "No er Saldern daude, kor skal me gjera av han". Detta hende i 1786. Det kammerset, han heldt seg på, vert kalla "Saldern" eller "Salderskammerse" den dag idag.

Andre kona ått general Søren de Fine von Krogh i Hogganvik, Cathrine Nicolava fødd 1741 bygde seg upp eit lite hus, ein stad kallast Lunden, kvar ho livde som enkja til ho døydde i 1803. Ei dotter Anna Maria Margrete stjorna for mori. Segni segjer at so snart det myrkna um vettrekveldarne byrja det spøkja umkring og under huset, so den gamla og dotteri vart reint vitskremde. Det vart eit svert brak, so dei fyrste måtte få framand folk til liggja, men det gjekk ikkje i longtaket, for folk vart leide av å rekkja støtt. Men larmen heldt aldri på anna i kveldseta. Då larmen byrja, då tok dei fram rokkarne sine, til å spann for å yverdøyva den svære sjauen. Tufti etter huset er endå synberr. I den store Hogganvik bygnaden, vart det sagt, at ein og annan av dei gamle gjekk att og spøkte langt ned i tidi.

Då Kroken kjøpte Hogganvik var bustaden åt båe eigarne eit tun, som låg ned ved sjøen. Eg kan godt minnst der dei kalla gamle hagen. Det stod tvo gamle halvratne pæretræ, var leivder etter aldehagen. Der budde Kroken i al sin bunad. Fyrst fjorten år etter hans daude flytja son hans huset, som berre var helvti so stort då, dit upp det no stend og bygde på det til den storleik det no hev. Ældste son åt generalen, den fyrrnemnde kapt. Fredrik von Krogh, var fød 1762 og då han var 4 år i 1766 vilde han plent få vera med og bera noko, då dei sku flytja upp, hev han fortalt og det var ei mortarstong han fekk bera. Ved denne tid umlag er bøketrei planta og hagen tilskipa med "bøkelysthuset" og taxustrei med den serlaga skapnaden dei hev den dag i dag.

Joh. Kreutz Magnus.